

Hard kamp om nytt sen

Osloarkitekt Arild Sødal har foreslått å gjere Evje meir likt landsbyar på kontinentet. Det har det blitt bråk av.

EVJE OG HORNNES

► EVJE

Før folkemøtet i går kveld forsikra han difor om at det ikkje blir han som skal avgjere korleis Evje skal bli.

– Det er ikkje slik at vi skal kome frå Oslo og bestemme noko som helst. Det er de som skal avgjere korleis Evje skal sjå ut, sa han til dei over 150 som kom til folkemøtet som er ein del av den såkalla «plansmia» i Evje og Hornnes.

Gjennom to folkemøte og ide-dugnader skal innbyggrane kome med innspel til korleis eit nytt sentrum skal bli. Før helga skal det vere bestemt korleis sentrum skal sjå ut.

PARKERING. Arild Sødal har lagt fram eit forslag der Evje sentrum vert stengt i eine enden, der parkeringsplassar blir fjerna, der det blir meir småhus, fleire møteplassar og der det skal kunne kome 1000 nye innbyggjarar.

– Det er eit håplust utkast som ikkje har noko med Evje sin suksess å gjere. Det vil berre øydelegge, seier Olav Andreas Erdvig, leiar av handelsstanden i Evje sentrum.

Han er heilt samd i at Evje sentrum kan bli finare, men gjer det klart at dei ikkje har ein einaste parkeringsplass å gje bort. Handelstanden er i dag heilt avhengig av folk på gjennomreise og at dei kjem seg lett til sentrum.

Difor har det heller ikkje blitt godt motteke at Sødal har foreslått å stenge av sentrum i eine enden. Mellom anna for å få til ei skikkeleg handlegate.

– Det vil vere ei ulukke for Evje hvis det ikkje lenger skal vere mogleg å køyre inn frå begge sider. Det er jo det folk seier er så bra med Evje at dei kan køyre inn frå begge sider, sa Robert Bjerum, ein av skeptikarane under møtet.

Medan andre var meir positive til planane som er blitt lagt.

– Det må vere mogleg å kunne ta nokre av dei best plasserte parkeringsplassane og bruke dei på noko anna, sa Inger Juvastøl.

DISKUSJON. Arkitekt Arne Sødal er på Evje saman med ei rekke andre fagfolk. I går hadde dei møte med mellom andre handelsnæringa som gav klar melding om at dei ikkje vil vere med på noko eksperiment i sentrum.

– Det ligg ei djuptgripande frykt for at å gå gjennom ei slik endring, sa Sødal då han før folkemøtet prata med styringsgruppa som skal lage det endelige forslaget til nytt sentrum.



ENGASJEMENT: Folkemøte vert no brukt for å få innbyggarane med i å planlegge eit nytt sentrum på Evje. I går diskuterte folk frå bygda arkitekt Arne Sødal sine planar. Dei har klart å provosere mellom andre Robert Bjerum (i framgrunnen) som synes det er meningslaust å stenge av eine innkøyrsla til sentrum.

FOTO: JON ANDERS SKAU

Sjølv gjorde det der klart at planane hans kun var eit utgangspunkt for diskusjon.

Men under folkemøtet i går var han like vel klar på at han meiner at Evje har ein del å hente når det gjeld sjarm:

Han tala varmt for hovudgate og for at det måtte vere plass for meir enn bilar i sentrum. Han vil også ha fleire folk der.

– Skal ein gå mot den nasjonale trenden og heller satse på spreidd busetnad? Då må ein gjere dette til kun eit handels-senter.

Tekst: Kjetil Reite
kjetil.reite@fvn.no



PARKERINGSBUS: Anna Galteland (90) var en av de over 150 som kom på folkemøte i går. Hun har liten tro på at folk på Evje orker å bruke et parkeringshus. FOTO: JON ANDERS SKAU

” Det vil vere ei ulukke for Evje hvis det ikkje lenger skal vere mogleg å køyre inn frå begge sider. Det er jo det folk seier er så bra

Robert Bjerum, ein av skeptikarane

FAKTA

- Gjennom ei eiga «plansmie» vert framtida til Evje sentrum avghort i løpet av ei veke.
- Fagfolk er på Evje for å kome med forslag og bistå i arbeidet.
- Det vert arrangert idèdugander og folkemøte for å få med bygdefolket.
- Ei eiga styringsgruppe skal torsdag presentere det endelige forslaget til nytt sentrum.
- Deretter blir det laga reguleringsplan som skal godkjennast i kommunestyret.

trum



Forgrep seg mot stedatter

ARENDAL

En 34 år gammel mann er i Aust-Agder tingrett dømt for seksuelt overgrep mot sin stedatter på en ferietur til Sørlandet i 2008. Mannen hevdet at han tidligere har utført seksuelle handlinger i søvne, og at det må ha skjedd overfor stedatteren. Han har derfor ikke

erkjent straffskyld. Stedatteren har ifølge retten fått store psykiske problemer i etterkant av overgrepet. Jenta var cirka 17 år da stefaren gjennomførte overgrepet. Tingretten har dømt ham til fengsel i 120 dager, derav 60 dager betinget. I tillegg må han betale 40.000 kroner i oppreisningserstatning til stedatteren. **HALLGEIR OFTEDAL**

Overprøvde juryen

KRISTIANSAND

Juryen sa at den 38 år gamle tiltalte var skyldig. Fagdommerne sa nei og satte juryens kjennelse til side.

På tiltalebenken i Agder lagmannsrett satt 38-åringen tiltalt for medvirkning til overlevering av cirka 15 kilo amfetamin, som senere ble funnet ved en tursti i Vågsbygd i januar for to år siden. 38-åringen har fra første stund holdt fast ved at han

trodde det var tre-fire kilo hasj han skulle ha befatning med. Dette var bevisstema da straffesaken mot 38-åringen startet i forrige uke. Han ble dømt i tingretten til ubetinget fengsel i ni år. Juryen fikk spørsmål om den tiltalte var skyldig i å ha deltatt ved overleveringen av amfetaminpartiet. Svaret var ja. Etter et kvarter på bakrommet kom dommerne ut og opplyste at de satte juryens avgjørelsen til side. **HALLGEIR OFTEDAL**

www.citroen.no

TEKNOLOGI FOR DE FÅ

CITROËN BERLINGO MULTISPACE KR 259.900,-	CITROËN C4 VTR PREMIUM KR 209.900,-	CITROËN C3 PICASSO KR 199.900,-	CITROËN GRAND C4 PICASSO KR 316.800,-
ALL-TERRAIN inkl. Grip Control Din fordel KR 10.000,-	Ny eksklusiv modell Din fordel KR 46.750,-	The SpaceBox Din fordel KR 19.900,-	Intelligent Traction Control Din fordel KR 20.000,-

TEKNOLOGI FOR DE MANGE

Uten tillegg i prisen er våre aktuelle kampanjemodeller oppgradert med avansert teknologi og lekkert utstyr: Citroën Grand C4 Picasso med Intelligent Traction Control og EMG girkasse. Citroën C3 Picasso med 6 kollisjonsputer og AC. Citroën Berlingo Multispace med Grip Control og Flexibilitetspakke. Citroën C4 VTR Premium med svingbare bi-Xenon frontlys, to-sone klimaanlegg og mye mer. Velkommen til Citroën.

Veil. pris Oslo inkl. frakt og levering (kr 6.900,-). Priser pr. 01.01.2010. Kampanjen gjelder t.o.m. 28.02.2010. Drivstofforbruk ved blandet kjøring: 4,5-5,3 l/100 km. CO₂: 119-140 g/km. Bildene er illustrasjonsfoto og utstyr og farger kan avvike. Vi tar forbehold om trykkfeil. Innrykket av Citroën Norge AS.

Riksveg 9 i tunnel?

Grappa som skal lage planen for Evje sentrum diskuterte i går å legge riksveg 9 i tunnel forbi sentrum. Då vil ikkje vegen som går der i dag stenge for elva.

Ifølgje lokalpolitikar Dreng Homme (Ap), meiner vegvesenet at det vil koste 20 millionar for ein slik tunnel.

– Og dei er slett ikkje negative til dette, sa Homme då styringsgruppa møttes før folkemøtet.

– Det er då ikkje mykje. Det tek vi berre på bompengar, repliserte Colin Morgan (Frp).

Alternativet til tunnel kan bli ei miljøgate med fartsgrense på 30 km/t forbi Evje.

VELKOMMEN TIL PLUSSDAGER

CRÉATIVE TECHNOLOGIE



ABRAHAMSENS AUTO AS • SKIBÅSEN 4 • 4636 KRISTIANSAND • TLF. 38 05 87 00

GRIMSTAD BIL AS • BERGEMOVEIEN 28 • 4886 GRIMSTAD • TLF. 37 09 09 80

RASMUSSEN AUTO AS • STRØGET • 4760 BIRKELAND • TLF. 37 27 60 18